

# BESTANDSPLAN HJORT

## EINAREÅSEN HJORTEVALD



**2019-2021**

Jaktfelt:

Jaktfeltnr	Navn
1242J0019	Trengereid
1242J0024	Holdhus/Haugen
1242J0025	Ådland/Kvernes/Hisdal
1242J0052	Reistad/Lauvskar
1242J0021	Kleppe/Liodden

## 1.0 INNLEIING

### 1.1 Bakgrunn for planlegginga

Det har vore eit ynskje frå sentrale myndigheiter at jaktfelta måtte slåast saman til større vald med ein eigen forvaltningsplan. Dette arbeidet vart sett i gang i 2002 i Samnanger. Dette førte til at Einareåsen hjortevald (2009) vart etablert, og bestod av fire jaktfelt. Reistad-Lauvskar har frå og med 2014 vore ein del av Einareåsen hjortevald. Einareåsen hjortevald, består nå av fem jaktfelt.

Einareåsen hjortevald etablerte ein eigen bestandsplan i 2009, og denne gjaldt for perioden 2009-13. Vidare vart det etablert ny bestandsplan som gjaldt i perioden 2014-2018.

Einareåsen hjortevald ønskjer å fortsette å ha det ansvaret som rettshavarane har for å drive ei planbasert og bestandsretta forvaltning, og søker det sjølvstyret som planlegginga gjev.

### 1.2 Planområde

Einareåsen hjortevald ligg i Samnanger kommune, og valdet er på totalt ca. 42.924 daa teljande areal.

Valdet strekker seg frå Aldalselva i øst og til Bergen kommune i vest. I nord strekker det seg til Vaksdal kommune og mot Vardane i nordaust. I sør grenser valdet mot Samnangerfjorden hjortevald. Det meste av terrenget ligg aust- og sør-vendt.

Landskapsforma skiftar mellom kuppert skogsterreng ned mot fjorden, til snauffjell i nord. Skogsbilete varierer mellom lauskog og barskog. Dei vanlegaste lautrelaga er bjørk, ask, rogn og or, medan barskogen betår av både naturskog (mest furu og brake) og plantefelt.

Det er igjen svært få gardsbruk med aktiv drift i planområdet, og det meste av innmark vert driven som leigejord. Drifta på innmarksareal vert såleis delvis oppretthalde, men ein god del av beitearealet er lite eller ikkje nytta. Dette fører til mykje krattskog i områda. Nokre bruk driv intensivt med garden som hovednæring. Skogsbruket er i stor grad retta mot eige forbruk.

### 1.3 Rettstilhøve og organisering

Einareåsen hjortevald vart skipa i 2009, og omfatta ved skipinga 4 tidlegare vald. Etter at Reistad-Lauvskar hjortevald ble en del av Einareåsen hjortevald frå og med 2014 er talet på jaktfelt auka til 5.

Nr	Jaktfelt	Teljande areal
1242J0019	Trengereid	10.620 daa
1242J0024	Haugen/Holdhus	6.654 daa
1242J0025	Hisdal/Ådland/Kvednes	9.411 daa
1242J0052	Reistad/Lauvskar	11.908 daa
1242J0021	Kleppe/Liudden	4.331 daa
SUM		42.924 daa

Tabell 1. Jaktfelt i Einareåsen hjortevald.

### 1.4 Planprosess

Styret i Einareåsen hjortevald har utarbeidet den nye bestandsplanen for perioden 2019-2021. Denne er utarbeida basert på førre plan, og erfaringar frå denne. Bestandsplanen er fremlagt og godkjent av årsmøte i Einareåsen hjortevald.

### 1.5 Planperiode

Bestandsplanen gjeld for perioden 2019 - 2021, og kan rullerast før planperioden er omme.

### 1.6 Planstatus, offentleg rammeverk og oppfølging

Bestandsplanen er privatrettsleg. Einareåsen hjortevald har eigarskap til planen. Godkjent avskyting i planperioden og innanfor året er bindande for alle jaktfelta. Planen er retningsgjevande for Samnanger kommune, og underordna offentleg rammeverk. Kommune har ansvaret for å innarbeide planen i si planlegging.

Hjorteføreskrifta seier at bestandsplanen skal presentere eit årleg avskytingsopplegg i planperioden. Samnanger kommune vedtok *Kommunale mål og strategiar for hjorteforvaltninga* 8. juni 2010. Denne gjeld for perioden 2010-2020.

## **2.0 MÅL**

### **2.1 Hovudmål**

Forvaltninga av hjortestamma skal sikre god produksjon og avkastning, sunne og friske dyr, samt ei bestandsutvikling som er tilpassa leveområde si bæreevne og aktivt landbruk.

### **2.1 Delmål**


- Bestanden i område skal Stabiliseres/reducerast iht til overordna kommunal strategi i planperioden.
- Det årlige uttaket av dyr er stabilt i planperioden. For å stimulere til dette vert antall løyver sett litt høgare i starten av perioden, og trappa ned mot slutten.
- Den årlige fellingsprosenten er på minst 85.
- For å oppnå høgast mogleg fellingsprosenten og bestandsstyringa vil jakta i valdet forgå i hele jakttida frå 1. september til 23. desember.
- Skadepresset på eng og skog skal reduserast.
- Bidra til å redusere irregulær avgang.
- Stimulera til ny rekruttering av unge godt skulerte jegarar av begge kjønn.
- Valdet er godt synleg i hjorteforvaltninga i kommunen og regionen.

### 3.0 PLANFØRESETNADAR OG BESTANDSDATA

#### 3.1 Bestandsutvikling og avskyting

##### 3.1.1 Samnanger Kommune

Me må gå utifrå at Samnanger har same bestandsutvikling som resten av området Fusa, Os og Samnanger. Dette er vist i vedtaket i *Kommunale mål og strategiar for hjorteforvaltninga i Fusa, Os og Samnanger i perioden 2010-2020*. Me må rekna med at det også i Samnanger har vore ein generell auke i alle kjønns- og aldersklassar. Jaktuttaket følgjer i stor grad den same utviklinga. Av figuren under ser me at samla felling i Samnanger kommune har økt frå nesten 60 fellingar i året rundt år 2000, til nesten 160 fellingar i året dei to siste åra. Me ser og at Einareåsen hjortevald følger trenden i resten av kommunen.



Figuren under viser tildelte løyver og faktisk avskyting i førre 5.årsplan. Det vart totalt skote 295 dyr av 300 løyver, det gir ein fellingsprosent på 98,33 %.

Kvotefordeling 2014-2018 fra bestandsplan							
	Kalv		1 1/2 åring		Vaksen		Dyr totalt
	hann / ho		hann	ho	hann	ho	
Antall	60		60	60	61	59	300


Felte dyr 2014 -2018							
	Kalv		1 1/2 åring		Vaksen		Dyr totalt
	hann	ho	hann	ho	hann	ho	
Antall	30	33	54	58	61	59	295
Prosent av felte dyr	10,17 %	11,19 %	18,31 %	19,66 %	20,68 %	20,00 %	100,00 %

Me tek ikkje med meir statistikk i denne planen, men det finns god statistikk på både sett og skutt hjort og kjønnsfordeling på <http://www.hjorteviltregisteret.no>.

Vår vurdering er at bestanden ikkje har vorte redusert gjennom dei siste åra, og dersom den skal reduserast må det skytast litt fleire dyr årleg i planperioden 2019-2021 enn i førre periode. Me har dei siste åra hatt ein god del felte kalvar og ungdyr med lave slaktevekte. Det er eit mål å få auka slaktevekte på slike dyr.

### 3.2 Arealbruk og trekkemønster

Kartet under viser vinterbeite og trekkveger for hjorten i Samnanger. Som kartet illustrerer er det fleire trekkvegar inn i område til Einareåsen hjortevald.



Figur 6: Kartet viser vinterbeite og trekkruiter for hjorten i Samnanger

### 3.3 Bestandskartlegging

#### 3.3.1 Vårteljinga

Einareåsen hjortevald har vore med på vårteljinga. Teljinga vart gjennomført fra slutten av mars til mai. Dei siste åra har dette ikkje vore gjennomført.

#### 3.3.2 Sett hjort-registrering

Samnanger kommune har drive "sett hjort" registrering sidan 2000. Desse er registreringane er eit viktig styringsredskap for valdet, og tala kan finnast på <http://www.hjorteviltregisteret.no>. Reglane for registrering har endra seg dei siste åra, det må

ein ta hensyn til når ein les denne statistikken. Frå og med 2018 brukar alle jaktfelta i Einareåsen hjortevald settogskutt.no til å registrere sett hjort.

### 3.3.3 Slaktevektregistrering

Det er gjennomført systematiske og samordna registreringer i jaktfelta i Einareåsen hjortevald frå 2009. Frå og med 2018 brukar alle jaktfelta i Einareåsen hjortevald settogskutt.no til å registrere sett hjort. Desse registreringane er eit viktig styringsredskap for valdet, og tala kan finnast på <http://www.hjorteviltregisteret.no>.

### 3.4 Skader på innmark og skog

Skadepresset på skog er generelt moderat i heile planteområde. Skadepresset på eng er særleg stort i Hisdal, Trengereidfjorden og på Lid. Intrykket er at skadane har vore aukande i omfang dei siste åra.

Skadane på eng er i form av beiting, trakking og tilgrising av foret. Dessutan er det i enkelte områder stor skade på vinterfor. Skadane i plantefelt av gran knyttar seg i hovudsak til toppskotbeiting, greinskotbeiting og barkgnag. Skadane på planta skog er i plantefelt av ung alder.

### 3.4 Irregulær avgang

Det vert reistret irregulær avgang av hjort i Samnanger kommune kvart år, med påkjørsle som den viktigaste enkeltårsaka. Innanfor Einareåsen hjortevald er det heile strekninga frå Sagen til Hisdal og Gullbotn til Ådland utsett. Frå 2006 har dyr drepen av påkjørsler i Samnanger, Fusa og Os kommunar auka vesentleg i høve til tidligare år. I 2018 vart det registrert 19 påkjørsler av hjort Samnanger, mange av dei i Einareåsen hjortevald.

## 4.0 TILTAKSDEL

### 4.1 Bestandsplan (2019-2021)

Einareåsen hjortevald søker om eit snitt på 70 løve pr år, totalt 210 løyve i planperioden. På grunn av store variasjonar innanfor valdet er det naudsynt å differensiera mellom dei ulike jaktfelt for å få ei forsvarlig avskytning. Kvotefordeling mellom jaktfelta er vist i vedlegg 1. Gjennomsnittlig arealgrunnlaget for valdet blir på 613 daa per dyr.

Av felte dyr ønskjer ein følgjande fordeling på kjønn og alder:

Prosentvis fordeling av løyver 2019-2021	
Bukk	19,52 %
Eldre kolle	19,52 %
Piggbukk	19,05 %
Kodle 1,5 år	19,05 %
Kalv	22,86 %

Det er opning for å skyte kalv i staden for andre dyr, så det er forventna litt større prosent felte kalv enn antall løver som er gitt. Valdet vil sjå løyvetildelinga, jaktutak og forvaltingsstrategiar i lys av arealgrunnlaget, tilgang på gode leveområde og utbygginga i

kommunen. Framtidig oppdeling og reduksjon av gode biotopar, kan gjere det aktuelt å revidere målsetjingar/avskytingsopplegg i løpet av perioden.

Styret skal halde kontakt med jaktfelta under jakta, og ha god status for felte dyr. Spesielt mot slutten av jakta. Dette for å gjere eventuelle grep i høve til avskytingsmåla og årleg avskytingsopplegg.

Valdet/styret skal ha god oversikt over kva kvoter dei enkelte jaktfelta har før jaktstart, og vurdere grunnlaget for justeringar. Til dømes overføring av dyr/oppretting av feil frå førre år, innanfor valdet sine rammer. Styret skal godkjenne ei slik justering for kvart jaktfelt.

#### **4.2 Nærare føringar for avskytinga:**

1. Føremålet er å redusere og stabiliserte bestanden og sikre ei produktiv og levedyktig stamme.
2. Ikkje felte dyr eitt år regulert gjennom reglane for Einareåsen Hjortevald, ref Vedlegg 3.
3. Valdet legg opp til høg fellingsprosent for å sikre god målstyring.
4. Hovudregelen er at kalv skal følgje kolle ved tildeling til felta.
5. Små, svake og synleg sjuke dyr skal fellast, ikkje det "første og beste" dyret.
6. Jaktfelta i valdet kan gå inn på bytte- og overgangsordningar i løpet av planperioden, til dømes i form av praktisk jaktsamarbeid, bytting av dyr og oppretting av feil i avskytinga mellom åra (både tal på dyr og struktur), ref Vedlegg 3.
7. Valdet skal oppmode/leggje til rette for jaktsamarbeid mellom jaktfelta i høve til avskytingsmålet og skadeproblematikk.
8. Valdet skal ta opp bestandsplanen til årlig vurdering i høve til nye erfaringer og ny kunnskap. Eventuelle endringer ut over planrammen, må takast opp med kommunen.
9. Valdet ønskjer å samordne forvaltninga og avskytningsprofilen med nabovald.

## **5 DRIFT**

### **5.1 Utgifter**

Einareåsen hjortevald skal dekkje utgifter til administrativ drift av laget, og finne tenleg finansieringsordningar for dette. Hjortevald vil søkje viltfondsmidlar til organisatoriske, planmessige og forvaltingsmessige tiltak.

### **5.2 Ettersøksavtalar**

Kravet om tilgang på godkjent ettersøkshund ligg til jegeren. Det mest tenleg er å vidareføre dagens ordningar. Einareåsen hjortevald kan etter førespurnad organisere og samordne ordningar for felta i valdet.

## **6.0 TILTAKSDEL**

### **6.1 Andre tiltak**

- Forvaltingsmessig samarbeid med nabovald om bestandsretta forvaltning
- Politisk/administrativ kontakt i høve til rammevilkår, praktisk forvaltning og

overordna planlegging (Samnanger Kommune og andre offentlege instansar).

- ”Sett hjort”-registrering på Settogskutt.no.
- Årleg slaktevektregistrering. Oppmoding om å vege alle dyr som vert skotne.
- Oppsyns-/kontrollordningar under jakta. Primært Samnanger Kommune, men hjortevaldet kan ta eige initiativ, som til dømes rapporteringsplikt ved felling.
- Bruk av hjorteviltregisteret ved rapportering av fellingsdata, Sett Hjort, m.m. [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no) . Etter nærare avtale med kommunen
- Regionalt merkeprosjekt – (Samnanger Kommune sitt ansvar).
- Oppmoda jaktfelte til å delta på jaktleiarkurs.



## VEDLEGG 1: Avskyttingsplan 2019-2021

3 ÅR							
Vald	Areal	Antall dyr	Bukk	Eldre kodle	Piggbukk	Ungkodle	Kalv
Trengreid	10620	51,0	10,0	10,0	10,0	10,0	11,0
Haugen/Holc	6654	42,0	8,0	8,0	8,0	8,0	10,0
Hisdal/Ådlar	9411	48,0	10,0	10,0	9,0	9,0	10,0
Kleppe/Lid	4331	27,0	5,0	5,0	5,0	5,0	7,0
Reistad	11908	42,0	8,0	8,0	8,0	8,0	10,0
<b>Total</b>	<b>42924</b>	<b>210,0</b>	<b>41,0</b>	<b>41,0</b>	<b>40,0</b>	<b>40,0</b>	<b>48,0</b>
2019							
Vald	Areal	Antall dyr	Bukk	Eldre kodle	Piggbukk	Ungkodle	Kalv
Trengreid	10620	20,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Haugen/Holc	6654	15,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0
Hisdal/Ådlar	9411	17,0	4,0	4,0	3,0	3,0	3,0
Kleppe/Lid	4331	10,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0
Reistad	11908	15,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0
<b>Total</b>	<b>42924</b>	<b>77,0</b>	<b>16,0</b>	<b>16,0</b>	<b>15,0</b>	<b>15,0</b>	<b>15,0</b>
2020							
Vald	Areal	Antall dyr	Bukk	Eldre kodle	Piggbukk	Ungkodle	Kalv
Trengreid	10620	16,0	3,0	3,0	3,0	3,0	4,0
Haugen/Holc	6654	15,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0
Hisdal/Ådlar	9411	16,0	3,0	3,0	3,0	3,0	4,0
Kleppe/Lid	4331	10,0	2,0	2,0	2,0	1,0	3,0
Reistad	11908	14,0	2,0	2,0	3,0	3,0	4,0
<b>Total</b>	<b>42924</b>	<b>71,0</b>	<b>13,0</b>	<b>13,0</b>	<b>14,0</b>	<b>13,0</b>	<b>18,0</b>
2021							
Vald	Areal	Antall dyr	Bukk	Eldre kodle	Piggbukk	Ungkodle	Kalv
Trengreid	10620	15,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0
Haugen/Holc	6654	12,0	2,0	2,0	2,0	2,0	4,0
Hisdal/Ådlar	9411	15,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0
Kleppe/Lid	4331	7,0	1,0	1,0	1,0	2,0	2,0
Reistad	11908	13,0	3,0	3,0	2,0	2,0	3,0
<b>Total</b>	<b>42924</b>	<b>62,0</b>	<b>12,0</b>	<b>12,0</b>	<b>11,0</b>	<b>12,0</b>	<b>15,0</b>

## **VEDLEGG 2: Vedtekter Einareåsen Hjortevald**

# Vedtekter for Einareåsen hjortevald

Omfattar områda, Trengreidfjorden, Hisdal, Ådland, Kvernes, Kleppe, Skar, Lid Reistad og Haukanes.

## § 1. Hjortevald

Einareåsen Hjortevald er ei samanslutning av tidlegare hjortevald i Samnanger, heretter kalla jaktfelt, innanfor området slik det går fram av § 3. Valdet har eit areal på ca 42924 da. korrekt oppmåling må gjerast innan 1. juni 2014.

## § 2. Føremål

Valde sitt føremål er å samle grunneigarane til ei felles forvaltning av hjorteviltet som ein del av landbruksnæringa sitt ressursgrunnlag.

Valde skal arbeide for:

- Ei langsiktig forvaltning av hjorteviltet med produksjon og avkastning i høve til leveområda si bæreevne og skader på jord- og skogbruk.
- Å fremje grunneigarane sine interesser.
- Å utarbeide bestandsplan for hjortevilt.
- Å utarbeide og inngå avskytingsplan med kommunen med bakgrunn i godkjent bestandsplan. Med 3 eller 5 års intervall.
- I størst mulig grad samordna hjorteforvaltninga med nabovalda.

## § 3. Avgrensing

Samarbeidsområdet omfattar jaktfelta nr. (tidlegare vald id nr. i 2008) i Samnanger V0009 Trengereid, V0012 Holdhus-Haugen, V0014 Ådland, Kvernes, Hisdal, V0039 Kleppe-Liodden og V0015 Reistad-Lauvskar.

Grensene og jaktfelta vert teikna inn på kart 1:10000.

## § 4. Samarbeid og grensesetjing mellom jaktfelta.

Innan valde er det høve til at einskilde jaktfelt kan samarbeide seg imellom om jakta. Dette samarbeidet skal i kvart einskilt høve vere skriftleg og tidsavgrensa, slik at sjansen for mistydingar vert redusert. Avtalen kan gjerast svært enkel og

skal underskrivast av jaktleiarane for dei enkelte felta. Kopi av avtalen skal sendast styre til orientering. Dette gjeld og ved sal av jaktrett i felta. Berre i dei høva det er inngått skrifteleg avtale mellom to eller fleire jaktfelt, har jegerar frå desse felta rett til å bevege seg inn på dei samarbeidane felta sine områder som jegerar.

Jakt på anna jaktfeltområde utan skrifteleg avtale, vil føre til sanksjonar som valdstyre vedtek.

## § 5. Arbeidsår

Regnskapsåret følger årsmøte

## § 6 Innmelding og utmelding

Innmelding av jaktfelt ( tidl. Vald) i EH skjer ved å underteikna vedtekter og bestandsplan for valdet. Innmelding og utmelding seinare bør fortrinnsvis skje i samband med utløp av godkjenningsperiode, eventuelt ved evaluering av bestandsplan. Slik innmelding av jaktfelt kan teiknast etter søknad til styret og godkjenning av årsmøte. Innmeldinga er ikkje gjeldande før endra vald og bestandsplan er godkjente av kommunen. Viss eit jaktfelt vil melda seg ut av EH, må det skje skrifteleg til valde sin leiar. Utmeldinga må gjerast innan 31. Des. og gjeld frå og med utløp av bestandsplanperiode, eller ved evaluering av planen. Unntaksvis, etter avtale, kan utmeldinga gjelda frå jaktåret etter utmelding. Jaktfelt som melder seg ut , kan ikkje gjere krav på utbytte i valdet sine midlar eller egedelar.

## § 7 Årsmøte

Ordinert årsmøte skal haldas innan 1. April kvart år.

Årsmøterepresentasjon.

Alle grunneigarane har møterett, talerett og stemmerett med ei stemme, pr påbyrja 100 da i forhold til Samnanger kommune sine oppmålte og vedtekne arealstørrelse som har vore brukt som grunnlag for tildeling av fellingsløyve for hjort. Grunneigar kan representerast ved skrifteleg fullmakt. Styre kallar inn til årsmøte. Saker som jaktfelta ynskjer å handsama på årsmøte, samt forslag på styremedlemer, må vera styre i hende innan 14 dagar før årsmøte. Innkalling til årsmøte vert via annonse i Samningen eller via e-post minst 3 veker før årsmøte. Vedtak på årsmøte vert fatta med vanleg fleirtal blant dei frammøtte. Til

vedtektsendring vert det stilt krav til 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene. Blanke stemmer vert å rekna som ikkje gjevne.

Årsmøte skal.

- Velja møteleiar
- Velja referent
- Velja 2 personar til å skriva under møteprotokoll saman med leiar.
- Handsama styre si årsmelding, rekneskap, arbeidsplan, budsjettframlegg for neste år, samt disponering av års resultat.
- Handsama styre sitt framlegg til bestandsplan med avsytingsplan for hjort.
- Handsama innkomne saker. Her og saker frå Hjorteutvalet som krev handsaming i valdet.
- Velja styre og vara medlemmer blant grunneigarane. 5 styremedlemer og 2 vara medlemmer. Alle jaktfelta skal vera representert i styre inkl. vara medlemma.
- Styreleiar skal veljast først. Han/ho skal veljast for 2 år.
- Styremedlemane vel ein og for 2 år, vara medlemmane vert valde for eit år. Ein vel likevel 2 av styremedlemane fyrste gang for 1 år, slik at ein deretter vekselvis velslik: Det eine åre vel ein leiar og to styremedlem, og det andre året sekretær og kasserar. Vara medlemmer vel ein for eit år om gangen. I leiar sit fråver fungerer sekretær som leiar.
- Årsmøte skal og eventuelt velja representantar til Hjorteutvalet i tråd med dette sine vedtekter.
- Årsmøte kan gjere bindande vedtak berre i dei saker som står nemnde i innkallinga.

## § 8 Ekstraordinert årsmøte

Styret skal kalla inn til ekstraordinert årsmøte når styre eller minst 1/3 av jaktfelta krev det. Ekstraordinert årsmøte skal kallast inn med minst 3 vekers varsel. Saksliste skal følge innkallinga. Det kan fattast vedtak berre i dei saker som står i innkallinga.

## § 9 Valnemnd

Årsmøte fungerer som valnemnd ved at medlemmer med møterett leverer inn forslag på styremedlemer til årsmøte. Sjå § 7. Styremedlemer som er på val, og som ikkje vil fortsetja, må melde dette til styre før årsmøte. Dersom det ikkje er komne inn forslag på styremedlemer til årsmøte, kan nye styremedlemer veljas etter benkeforslag.

## § 10 Styret

Valdet vert leia av eit styre samansett av til saman 5 styremedlemer og 2 vararepresentantar, frå dei ulike jaktfelta. Alle desse skal vera grunneigarar. Unntak: Grunneigar kan representerast i styret, etter skrifteleg fullmakt, av nær slektning.

Vara medlemmer har møterett og talerett på alle møter men kunn stemmerett i dei høve der dei er kalla inn og møter i staden for valde styremedlemer.

Styre vert vald av årsmøte. Styre er vedtaksført når minst  $\frac{3}{4}$  parter av styremedlemer er til stades. Innkalla møtande vara medlemmer medrekna. Ved stemmelikskap har leiaren i denne sitt fråver, sekretæren dobbelstemme.

Styrer skal:

- Halda nødvendige styremøte, desse skal ha skrifteleg referat som skal sendast til alle jaktfeltkontaktane.
- Utarbeide årsmelding med rekneskap.
- Ta initiativ til utarbeiding av bestandsplan.
- Styre fordeler tal og type dyr til dei einskilde jaktfelta samla for planperioden etter det/dei vedtak som vert gjort på årsmøte. Nærare retningslinjer for fordeling av løyva vert gitt i bestandsplanen.

## § 11 Inntekter og utgifter

Styret skal stå for innkrevjing av fellesavgifter frå dei ulike jaktfelta og betale denne til kommunen. Inntekter og utgifter skal fordelast mellom jaktfelta etter areal. Fordeling av inntekter og utgifter innan eit jaktfelt skjer etter reglar fastsette av jaktfelta.

## § 12 Oppløysing.

Oppløysing av valdet kan fattast med 2/3 fleirtal av eit ordinært årsmøte etter at det har vore føreslott på føregåande årsmøte. Minst halvparten av medlemane med stemmerett må vera tilstades. Dersom ikkje så mange møter, kan avgjerda fattast på ekstraordinært årsmøte med vanleg fleirtal av dei frammøtte. Før oppløysing må alle økonomiske plikter vere dekkja. Ved oppløysing vert valdet sine eigedelar fordelt mellom jaktfelta etter areal.

## § 13 Tvistar

Alle tvistar mellom valdet og jaktfelta, eller mellom jaktfelta innbyrdes, om forståing og gjennomføring av vedtektene skal forsøkjast løyst i minneligskap i samarbeid med styret for valdet. Kjem ein ikkje til semje, skal tvisten avgjerast av ei vollgiftsnemd. Denne vert sett saman slik: Kvar av partane vel ein representant og ein vert oppnemnd av landbruks sjefen i Samnanger. Nemnda si avgjer er bindande for alle parter.

06.03.2014

## **VEDLEGG 3: Regler for Einareåsen Hjortevald**



# Reglar for Einareåsen Hjortevald (EÅH)

*Revisjon 3 – 4. april 2019*

## **1. Forholdet mellom EÅH og jaktfelta**

Dersom det lagast egne avtalar eller reglar i jaktfelta som er tilslutta EÅH skal styret ha ein kopi av avtalar/reglar.

Alle jaktfelta i EÅH skal retta seg etter dei lovar og vedtekter som gjeld i valdet.

## **2. Fellingskvote**

Det er styret i valdet som fattar vedtak om fordeling av fellingskvotane mellom jaktfelta. Hovudprinsippet er at fordelinga skjer etter areala dei enkelte jaktfelta disponerer.

Ved eventuelle endringar av minstearealet i planperioden må tildelingane justerast i forhold til jaktfelta sine areal.

Hovudprinsippet kan fråvikast dersom eit eller fleire av desse føresetnadane er til stades:

- Eit jaktfelt ønskjer mindre fellingskvote enn jaktandelen tilseier.
- Eit jaktfelt har ikkje overhalde tildelinga med omsyn til kjønns- og aldersfordeling eller tal på felte dyr.
- Dersom det kan dokumenterast betydeleg skade på skog eller innmark i eit jaktfelt.

Søknad om skadedyr skal sendast til Samnanger kommune gjennom valdstyre som skal stå som mottakar av svaret. Skadedyr skal gå av tildelt kvote, eller så kan valdstyre sjå tildelinga i samanheng med den totale avskytinga i valdet.

## **3. Overføring av dyr**

Bestandsplanen opnar for at kvart einskild jaktfelt kan overføre eit visst tal på dyr frå eit år til det neste, dersom ikkje alle tildelte dyr er skotne. Jaktfelta kan overføre inn til 25% av tildelt kvote frå bestandsplanen. Dei dyra som overstig 25% går tilbake til valdet og blir fordelt som ekstrakvote ( regel 4). Overføring av dyr skjer år for år og det vert kvart år tatt utgangspunkt i tildelt kvote frå bestandsplanen. Overføringar føresett at bestandsplanen tillet det. Valdstyret vurderer kjønns og aldersfordeling av dyra som skal overførast utifrå bestandsplanen, og kva som er felt totalt i valdet.

Ein kan ikkje overføre dyr fra ein bestandsplan til neste.

## **4. Ekstra kvote**

Ekstrakvote vert tildelt av valdstyret før jakta startar, til dei jaktfelta som hadde 100% avskyting i forhold til antall tildelte dyr frå bestandsplanen året før. Ekstrakvote som er tildelt eit jaktfelt kan ikkje overførast frå eit år til neste desom den ikkje blir brukt, men går tilbake til valdet som fordelar den på nytt året etter. Eit jaktfelt kan få tildelt ekstrakvote inntil 50 % av kvoten frå bestandsplanen. Valdstyret må for kvart enkelt år vurdere kjønn og aldersfordeling av ekstrakvoten, med grunnlag i bestandsplanen. Ikke tildelte dyr fra eit års ekstra kvote overførast til neste års ekstra kvote.

## **5. Særskild regel - siste året i bestandsplan**

Styret i EÅH kan i siste året av bestandsplan gjera vedtak om omdisponering av tildelte løyve, inkl regel-4 dyr. Vedtak skal sikra størst mogleg felling av den totale bestandsplanen. Kvart jaktfelt er garantert tildelt kvote t.o.m. 14 november. Styret kan gjera vedtak om omdisponering av alle, eller delar av rest-løyver etter denne dato. Styret bestemmer dato etter vurdering av kor mange, og kva dyr som står att. Omdisponering kan skje ved at rest-løyver vert frigitt til jakt i alle jaktfelt i EÅH. Samarbeid mellom jaktfelt skal skje i samsvar med regel 8. Styret bestemmer reglar for rapportering av felling, for å unngå feilskyting. Jaktfelt som feller omdisponerte dyr betaler både fellings- og ettersøksavgift for slike dyr. Ettersøksavgift for omdisponerte dyr som ikkje vert felt vert dekkja av EÅH fellekasse.

## **6. Reaksjonar ved feilfelling**

Kvart enkelt jaktfelt er ansvarlege for at unntaket av hjort er i samsvar med tildelinga. Alle feilfellingar skal snarast, og innan neste dag, meldast til styret i EÅH. Valdstyret oppfordrar til byting av dyr innbyrdes i jaktfelta ved feilfelling og oppretting av feil i avskytinga mellom felta.

Feilskyting utover totalt tildelt kvote for godkjent 3 eller 5årig bestandsplan for EÅH er straffbart etter Viltlova § 48 og skal rapporterast til kommunen. Moglege straffereaksjonar gjeld berre det jaktfeltet som stod for feilskytinga.

## **7. Varsling og ettersøk av skada hjort**

Valdstyret tar kontakt med ettersøks ringen og inngår avtale for kommande jakt. Jaktfelta betalar etter tildelte løyver. Valdstyret fordelar telefonlister til jaktfeltleiar før jakta startar. Dersom eit eller fleire jaktfelt ynskjer å bruke eigen ettersøks hund/ekvipasje skal dette meldast til styret i god tid før jakta startar slik at dette kan avtalast med ettersøks ringen. Kopi av ekvipasjegendkjeninga skal sendast til styret.

Kvart jaktfelt er ansvarlege for varsling og ettersøk. (Ref. Hjorteviltforskrifta)  
All jakt på feltet skal stoppast inntil ettersøket er avslutta.  
Ved ettersøk som går inn på eller over nabofelt skal jaktleiaren varslast.  
Valdstyret skal ha varsel om at ettersøket er utført, og få vite resultatet av ettersøket.

## **8. Jaktsamarbeid**

Alle jaktfelta i EÅH skal ha ein jaktleiar som er ansvarleg for hjortejakta. Namn og mobiltelefonnummer til jaktleiarane skal vera kjent for alle jaktfelta i god tid før jakta startar. Jaktfelta kan byte dyr innbyrdes så lenge det er innanfor dei tildelingane som er gjort for desse jaktfelta. Ingen jaktlag kan jakte på andre jaktfelt i valdet med mindre det førelegg skrifteleg avtale om dette. Unntaksvis kan slike avtalar gjerast munnleg mellom 2 jaktlag/jaktleiarar når dei finn det tenleg. Styret skal varslast om slike avtalar.

## **9. Rapportering**

Jaktleiaren på det enkelte jaktfelt er plikta til å rapportere til valdstyret om fellingsresultatet seinast 5 dagar etter jakta er slutt. Han skal sjå til at kvar enkel jeger i feltet har godkjent skyteprøve og har betalt jegeravgifta, før jakta startar. Han skal og fordela kort med telefonnummer til ettersøks ringen, og rapportere til valdstyret ved ettersøk. Han skal og fordela og innhenta sett hjort skjema etter jakta er ferdig.

Han skal stå for innbetaling av fellingsløyve og ettersøks hund for jaktfeltet til styret rett etter at jakta er avslutta.

## **10. Fellingsløyve**

Ved manglande betaling av fellingsløyve til fastsettdato, vil dei jaktfelta det gjeld kunne bli nekta tildeling av fellingsløyve året etter.

4. april 2019